



Det var høg standard under det femte Kvinnheradmeisterskapet i ølbryggjing, men juryen hadde likevel ikkje problem med å smaka seg fram til det beste ølet i dei to klassane. Det var Podlen Sjølvbryggjarlag i juleølklassa og Høgrehandsbryggeriet i klassa for vanleg øl og over er vinnarane etter premieutdelinga. Til venstre står Morten Vatterdal og Karl Petter Vårdal frå Podlen og til høgre Stian Hansen Bøe frå Høgrehandsbryggeriet.

Juyen var svært samstemt om kva for øl dei likte best. Kriteriar var mellom anna bittersmak, humle, maltsmak, søtsmak og fylde og poengsummane som skulle gjes var frå 1 til 5.

Dei beste ølprøvene vart testa ein ekstra gong for å fastslå sikkert kven som burde vinna.

Dommarane var høgt kvalifiserte, ettersom Hveem har brygga i mange år, Kolle har gått på bryggjekurs og Hannisdal er utdanna kokk.

Foto: Ola Matti Mathisen